



Kommunikasjon mellom barnehage og heim

Volda kommune nyttar digital kommunikasjon med føresette til barn i barnehage.

Føresette skal nytte appen TietoEdu. Dersom ein ikkje ønskjer eller kan nytte app, vil ein kunne logge på ein nettstad og finne same funksjonalitet. Lenke til denne finn ein på kommunen si heimeside eller ved å kontakte barnehagen.

Under finn du beskriving av kva som ligg i appen og ei kort brukarretteing.

Innhald

Kort oversyn over kva appen TietoEdu kan nyttast til	2
Kom i gang	2
Oversiktsbilete og menyar	3
Bruk for føresette i barnehagen	4
Fråvær	4
Heildagsfråvær	4
Fråvær del av dag	4
Sende melding	5
Når du mottok ei melding frå barnehagen	6
Nyhende	6
Samtykke	6
Utviklingssamtale	7
Ferieplanlegging	8
Tidsskjema	8
Endre kontaktinformasjon	9

Kort oversyn over kva appen TietoEdu kan nyttast til for føresette med barn i barnehagen

- **Melde fråvær**
Registrer fråvær ved sjukdom eller anna korttidsfråvær.
- **Sende og motta meldingar**
Du kan sende melding til avdelinga (informasjonsmelding) eller til den enkelte tilsette (personleg melding).
- **Nyhende**
Barnehagen kan publisere felles nyhende til alle føresette eller per avdeling.
- **Samtykke**
Svar på samtykke og oversikt over kva du har samtykka til.
- **Utviklingssamtale**
Her vil du få tildelt tider for utviklingssamtale eller det vil vere mogleg å booke ledig tid.
- **Tidsskjema**
Dette vert nytta av dei tilsette til å planlegge ressursar. Ein kan sjå planlagt tid mot faktisk tid.
- **Ferieplanlegging**
Registrering av eventuelle feriedagar.

Kom i gang

Last ned appen frå AppStore eller GooglePlay. Vel aktuell kommune og logg på med ID porten, til dømes BankID.





Oversiktsbilete og menyar

Første side gir deg ei oversikt over dei barna du har i barnehagen og/eller i skulen. Oversikta under til venstre, viser forbokstaven til tre barn. Dersom du manglar barn i appen, ta kontakt med den aktuelle eininga.

Du kan sveipe til venstre for å sjå menypunkta på det enkelte barn. Dette kan vere ulikt, alt etter som om barnet går i barnehage, barneskule eller ungdomsskule, eller har SFO.

Skjermdump til høgre viser døme på menypunkta til eit barn i barnehagen.



Bruk for føresette i barnehagen

Fråvær

Ved kortidsfråvær som t.d. sjukdom eller tannlegetime, skal fråværet registrerast her. Ved lengre planlagt fråvær utover to dagar, må du kontakte barnehagen.

Sveip til det aktuelle barnet, gå til meny punkt [Fråvær] og [Registrer fråvær].

Heildagsfråvær

Du kan registrere heildagsfråvær «i dag» eller «i morgon». *NB! Kommentarfeltet kan ikkje nyttast for barnehage.* Dersom du ønskjer å sende beskjed til barnehagen, må du nytte informasjonsmelding under meldingsfunksjonen. Sjå rettleiing på neste side.

Fråvær del av dag

Vel aktuell dato og tidspunkt for når barnet vert fråværande. *NB! Kommentarfeltet kan ikkje nyttast for barnehage.* Dersom du ønskjer å sende beskjed til barnehagen, må du nytte informasjonsmelding under meldingsfunksjonen. Sjå rettleiing på neste side.

1. KVA FOR PERIODE?

Heildag Del av dagen

I dag I morgon

Kommentar berre synleg for skule

Det skal ikkje leggjast inn sensitive personopplysningar i kommentarfeltet for fråvær. Sensitive personopplysningar kan for eksempel vere informasjon om religion eller helseopplysningar. Ved å huke av i boksa til venstre godtar eg dette. [Vis meir](#)

Send fråvære

1. KVA FOR PERIODE?

Heildag Del av dagen

DATO 25. aug. 2021

KLOKKESLET 08:30 til 09:30

+ Legg til klokkeslett


Kommentar berre synleg for skule

Det skal ikkje leggjast inn sensitive personopplysningar i kommentarfeltet for fråvær. Sensitive personopplysningar kan for eksempel vere informasjon om religion eller helseopplysningar. Ved å huke av i boksa til venstre godtar eg dette. [Vis meir](#)


Send fråvære

Sende melding

Gå til aktuelt barn og menypunktet «Meldingar.» Trykk så på plussteiknet nedst i høgre hjørne.



For beskjedar til barnehage/avdeling: Trykk på plussteiknet framfor namnet til barnet (merka med aktuell barnehage/avdeling) **under overskrifta «Informasjonsmelding»**. Alle tilsette denne dagen som er til stades denne dagen vil kunne lese meldinga. (Bruk ikkje «personleg melding» ved viktige beskjedar).



Trykk på haka nedst i høgre hjørne, skriv meldinga og trykk på pila nedst i høgre hjørne for å sende.

NB! Det skal ikkje skrivast sensitiv informasjon i meldingane.

Når du mottok ei melding frå barnehagen


Du vil få eit app-varsel når du mottok ei melding (*dersom du har aktivert dette*). Ved å trykke på varselet, vil du kome rett i meldinga. Gå evt. til meny-punktet «Meldingar» i appen.

For å svare på meldinga, skriv du i tekstfeltet nedst og trykker på pila nedst i høgre hjørne.

Nyhende

Barnehagen kan publisere felles nyhende til ei avdeling eller heile barnehagen. Du vil få eit app-varsel (*dersom dette er aktivert*) ved publisering.

Nyhenda legg seg under meny-punktet [Nyheter] og [Aktiv]. «Utdaterte» nyhende ligg under [Inaktiv].




Samtykke

Når barnehagen skal innhente eit samtykke, vil du få eit app-varsel.



Du samtykker slik:

- Velg samtykket som ikkje er svart på.
- Les og godta informasjonen om samtykke.
- Les på samtykket og godta eller avslå førespurnaden.



Svaret kan endrast i svarperioden. Pågåande samtykke vil alltid ligge i app-lista.

Dersom barnet har føresette i to heimar må begge godta, elles vert samtykket automatisk avslått. Styrar kan sende ut påminning om ubehandla samtykkeførespurnad.




Etter svarperioden kan du angre/endre samtykket ditt ved å kontakte barnehagen.

Utviklingssamtale

Når det er tid for utviklingssamtale, vil pedagogisk leiar anten kalle inn til gitt tidspunkt, eller frigjere ulike tidspunkt for booking. Du får eit varsel i app når det er klart for utviklingssamtale.

Ferieplanlegging

I forkant av ferie, vil styrar lage ferieplanleggingsskjema som sendast ut digitalt. Føresette vil få denne i appen, under Tidsskjema/ferieplanlegging. Barnehagen har i forkant satt ei registreringsperiode, der føresette kan melde inn ferien. Styrar kan sende ut påminning om manglande tilbakemelding på ferie.




Tidsskjema

Tidsskjema er eit hjelpemiddel for at barnehagen lettare skal kunne ressursplanlegge.

Føresette har fleksibilitet i høve tildelt plass, men dersom ditt barn i hovudsak vert henta kl.

15.00 kvar dag, så kan dette settast som utgangspunkt.



Endre kontaktinformasjon

Det er viktig at barnehagen til ei kvar tid har oppdatert kontaktinformasjon til føresette. Du kan sjølv endre e-postadresse og mobilnummer i appen ved å gå til menyen i øvste høgre hjørne og [Sjå heile profilen]. Dersom postadresse ikkje stemmer, må du undersøke informasjonen som er registrert i folkeregisteret.

